



## Notat

Dato: 20.07.2016  
Arkivsak: 2015/3679-15  
Saksbehandlar: oddmell

---

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Per Morten Ekerhovd

---

### Kvartalsrapport 2. kvartal 2016 - Kultur- og idrettsavdelinga

Med vising til skriv frå fylkesrådmannen dagsett 17.06.2016 er følgjande rapportering for 2. kvartal 2016 utarbeidd:

	Siste kvartal		Hittil i år		1.kv.2016	Årsprognose utarbeidd pr. 2. kvart 2016			
	Faktisk	Budsjett	Faktisk	Budsjett	Årsprogn.	Prognose	Budsjett	Best	Verst
Lønnskostn.	10 330	9 952	25 164	24 063	14 330	52 724	52 724	51 724	53 737
Andre kostn.	69 690	71 936	142 834	143 953	71 939	287 756	287 756	286 756	287 756
Inntekter	-57 384	-36 998	-66 237	-73 996	-36 998	-147 993	-147 993	-147 993	-147 993
Netto dr.utg.	22 636	44 890	101 760	94 019	49 271	192 487	192 487	190 487	193 500

#### Siste periode kvartal

Lønnskostnadene er nesten 0,4 mill. kr høgare enn budsjettert. Som tidlegare forklart, er dette løn til kunstnarar i DKS-turneane og som ikkje er budsjettert med på lønsbudsjettet, men er lagt inn som kostnad på DKS-budsjettet (overføring til andre). Lønsmidlane vert utgiftsført over løn, men dekka av inntektene frå statlege DKS-midlar. Mogleg løysing på dette er å legge inn i lønsbudsjettet for 2017 rekneskapstala frå føregående år/2016.

Andre kostnader har eit avvik på om lag 2,2 mill. kr. Dette skullast i hovudsak at utbetalingane til tilskot er ujamne gjennom året i høve til periodiseringa som er bygd opp i standard budsjettrapport. Dette er mest synleg tidleg i rekneskapsperioden, og jamnar seg gradvis ut gjennom året.

Inntekter har eit negativt avvik på om lag 20 mill. kr, noko mindre enn i 1. kvartal. Avviket grunnar i at større utbetalingar av inntekter/overføringer frå staten, ikkje er i tråd med til periodiseringa som er bygd opp i standard budsjettrapport. Dette er mest synleg tidleg i rekneskapsperioden, og jamnar seg gradvis ut gjennom året.

#### Hittil i år

Med unnatak av inntektene, er lønnskostnader og faste kostnader nesten som budsjettert. Inntektene har eit større avvik i høve budsjettet, men som nemnd ovanfor skuldast dette utfordringar av meir føringsmessig karakter i høve til periodiseringa i standard budsjettrapport.

#### Årsprognose inkludert «best» og verst case»

Årsprognosene er berekna ut frå inntekter og utgifter i 2015 i tillegg til endringar gjort i budsjettvedtak i Fylkestinget for budsjett 2016. Lønnskostnadene kan bli noko høgare enn budsjettert, då inntekter som

finansierer ein del av lønnsbudsjettet er inntektsført andre stadar i budsjettet (DKS). Samla vil ikkje dette då gje utslag på driftsresultatet.

**Verst case:**

Eit fall i inntektene, særskilt på arkeologisk registrering, vil kunne føre til ei underdekking i lønskostnadene og påverke driftsresultatet, kanskje om lag 1 mill. kr.

**Best case:**

Andre kostnader kan variere ein del frå år til år. Eit mindreforbruk kan i beste fall utgjere om lag 1 mill. kr. Det same gjeld for lønskostnadene, der vakansar kan føre til reduserte kostnader med inntil 1 mill. kr. Vi ser det som lite realistisk med ei auke i inntektene, då Statstilskota dei siste åra har vore relativt stabile.

Kopi til:

Nils Egil Vetlesand

Pål Andre Kleive